



14 år gamle Wendla (Sarah Francesca Brønne) lurar på kva som skjer med henne og korleis barn eigentleg blir til, men mora nekter å svare henne. Foto: Eirik Malmo.

10-01-2020 07:33 CET

Blomstrande Vårløysing opnar vårsesongen

Det har aldri vore lett å vere ung. I *Vårløysing* får skamkjensler og vaksnes dobbeltmoral fatale konsekvensar for dei unge når vårsesongen opnar på Det Norske Teatret.

VÅRLØYSING

PREMIERE FREDAG 17. JANUAR KL. 19.30

PÅ SCENE 2

Det vil bogne av blomar i overdrivne versjonar, sopp og lauv skal regne frå taket, scenegolvvet blir fylt av grasbakkar og eit løyndomsfullt stort tre. Skodespelarane er kledde i 1800-talskostyme med blondar, kniplingar, korsett og snøresko. Musikken har referansar til 1800- og 1900-talet med sin overdrivne og tidvis pompøse klang. Det skal storme og blåse, nett slik det kan gjere i eit hormonelt styrt ungdomssinn når Frank Wedekinds dramatiske ungdomstragedie blir sett i scene nesten 130 år etter den blei skriven.

[- Skamma er tilbake, meiner regissør Miriam Prestøy Lie. Les meir.](#)

Verdiar i endring

- Historia har vunne mange slag for oss, når det gjeld openheit rundt seksualitet. Kvinner rett til sjølvbestemt abort er noko vi tek for gitt. Men - kanskje vi ikkje skal gjere det? undrar regissør Miriam Prestøy Lie. I lag med ni skodespelarar har ho gitt seg i kast med eit stykke som eigentleg blei skriven som eit opprør mot den strenge protestantiske seksualmoralen på 1800-talet. I stykket møter vi mellom anna ei mor som ofrar livet til si eiga dotter i ein illegal abort, framfor at det skal komme ut i at ho har hatt sex utanfor ekteskapet.

[- Naturen representerer kreftene i og rundt ungdomane i stykket, krefter dei ikkje rår over sjølve, seier scenograf Dordi Strøm. Les meir.](#)

I Noreg er vi ikkje heilt der, men regissøren referer til ein nymoralistisk vind som blæs over Europa, hand i hand med populisme, kristenkonservervatisme, falske fakta og kunnskapsløyse, som også påverkar oss her heime.

[Kven er kven i Vårløysing? Finn det ut her!](#)



Provoserande teater

I botnen er *Vårløysing* ei forteljing om å finne ut av kven ein er. Stykket blei straks blei skandalisert og stempla som pornografi da det blei gitt ut i 1891. Ungdom i seksuell oppvakning som stiller spørsmål ved etablerte sanningar og dei vaksne sin dobbeltmoral var ikkje akkurat aksepterte tema å ta opp i offentlegheita for godt over 100 år sidan, og stykket fekk ikkje urpremiere før i 1906. Datidas ungdom var kvelte under tabu, moral og reglar som gjorde det vanskeleg, for nokre umogleg, å leve.

[Dramatikar Frank Wedekind var ein provokatør som hang med kunstnarar, sirkusartistar og prostituerte. Les meir.](#)

[Les meir om Vårløysing her.](#)

Det Norske Teatret er Noregs største teater for refleksjon, oppleving og underhaldning. Teateret ligg sentralt i hovudstaden i eit moderne teaterbygg frå 1985 med 3 faste scenar, og over 250.000 publikummarar årleg.

Kontaktpersoner



Ida Michaelsen

Pressekontakt

Informasjonssjef

ida@detnorsketeatret.no

414 45 345

41445345



Åsne Dahl Torp

Pressekontakt

Informasjonskonsulent

aasne@detnorsketeatret.no

986 23 573

98623573